

Mona Brekkan  
Basthaugen gard  
Øvre Mjøs 11  
5939 Sletta

1. juni 2015

Radøy komune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

## Søknad om kulturminnefondmidlar

Eg søker med dette om kulturminnefondmidlar til vidare restaurering av grindverksløa på Mjøs, gardsnr. 16 bruksnr. 4.

### Bakgrunn

Løa, som visstnok er relativt stor for området (sjå vedlagt foto), er ei sekstavs grindverksløe med gråsteinsmur i sør og vest, og med furukledning på dei resterande veggane. Stavane er øksa. Taket er av bølgeblekk. Det har vore vanskeleg å finna fram tilkva slags takteking det opprinneleg har vore. Med den alderen løa har er det sannsynleg at det kan ha vore torv eller teglstein (opplyst i samtale med fylkeskonservator Ekerhovd på møte i Salhus 17. januar 2012). (Sjå elles vedlagte epost frå fylkesarkitekt Roald Landøy). I underetasjen er det eit fjøs i nord og ein sauefjøs i sør. Løa ligg i eit gammalt kulturlandskap tett opp til bygdevegen, og det er såleis lett tilgang til løa. Vi har på vestveggen funne ein stein der det er hogd inn årstalet 1808 (sjå vedlagte foto). Årstalet som er oppgitt i SEFRÅK kan difor ikkje vera rett (sjå vedlegg). Men ein reknar med at mykje av byggverket går tilbake til midten av 1700-talet. Løa ligg tett ved bygdevegen og er lett synleg for besøkande i området. Det har vore ulike ressurspersonar som har vurdert løa på staden og som peikar på viktige moment som gjer løa verneverdig. Løa er ein del av eit verneverdig gardstun med eit eldre restaurert bustadhus med tilbygg.

I dag er løa lager for gammalt skrot. Dette har vi dei to seinaste åra arbeidd med å rydda vekk. Det fins tein del gamal landbruksredskap i løa som vi meiner det er vel verdt å ta vare på (t.d. plogar).

Vi ønskjer på sikt å nytta løa til næringsverksemd knytt til undervisning/turisme. Her kan det vera aktuelt å tilby ulike kurs knytta til kultur og yoga, men også å visa fram løa som døme på vestlandsk landbruksarkitektur. I tilknytting til den tradisjonelle drifta på garden og attåtningane, har me nett publisert ein ny nettstad med blogg (<http://www.basthaugengard.no/>) der me skriv om livet på garden og liva våre. Her har me skrive om restaureringa og kjem til å gjera det til ein større del av nettstaden og bloggen etter kvart i prosessen.

### Tilstanden til løa i dag:

UTVENDIG: Løa har to steinvegger (kortvegg mot sør, langvegg mot vest) som treng restaurering på grunn av primært utsig, men også fordi det i sør manglar stein øvst i muren. I nord er det også fleire

store graner som har røter som kan øydeleggja steinmurane. Løa er ein grindverkskonstruksjon med seks stavar (slik me kan tyda det). Taket av bølglekk må skiftast då det er ein del lekkasjar som går utover det innvendige.

INNVENDIG: Golvet oppe er i svært dårleg stand og må skiftast ut då golvet og grindverket/stavar har blitt svekka av det dårlege taket. Såleis er det også stavar/grindverk som må restaurerast/byttast ut. Roald Landøy skriv i vedlagte epost at det er eit mål at ein vil bruka opp att mest mogeleg av dei gamle materiala. Fjøsa nede med inngang frå aust er, slik me vurderer det, i relativt god stand, men det trengs ein del drenering kring løa for å halda fjøsa tørre.

Vi har i fleire år søkt om midlar slik at vi kan koma i gang med ei omfattande restaurering. Vi har fått tildelt nokre midlar og har kome i gang med denne restaureringa.

### **Ekstern støtte:**

Radøy kommune har tidlegare løyvd kr 50000 til restaureringa (sjå vedlegg), men desse midlane er bundne til at løa er ferdig i stand sett. Vi ser for oss at dette arbeidet vil ta fleire år og vonar at vi framleis vil ha tilgang til desse midlane når vi ein gong blir ferdige.

Vi har fått «Vern og vøl-midlar» frå Hordaland fylkeskommune i 2014 og 2015 (totalt kr 55.000). Den første summen på kr 30000 er knytt til arbeidet med murane. I år fekk vi kr 25000 som ei støtte til å ta ned dagens grindverksstruktur og evaluera kva slags materiale som kan nyttast i den restaurerte løa.

Den største tildelinga har vi fått frå Norsk kulturminnefond i 2014, kr 103000 (sjå vedlegg). Desse midlane er øyremerkte for i standsetting av murane på løa. Her er vi kome godt i gang og har kontakt med Håkon Aase som skal utføra dette arbeidet som han vonar er ferdig i oktober.

I tillegg har vi fått midlar frå Innovasjon Noreg (2015) til bedriftsetablering. Nokre av desse midlane har vi nytta til arkitekt som har laga eit førebels utkast til teikningar (sjå vedlegg). Desse teikningane ønskjer vi å nytta i samband med ny søknad til Norsk kulturminnefond i november 2015.

Vi har også fått eit lite tilskot frå Fylkesmannen i Hordaland til statusvurdering av løa. Desse midlane har i samarbeid med Arild Sætre ved Museumssenteret i Salhus, vore nytta til laserfotografering av løa. Dette har vore ei verdifull hjelp for arkitekten som har laga teikningane av ei framtidig restaurert løe.

### **Utført arbeid**

Vi er i gang med restaurering av murane og i samband med dette har vi måtta fella dei grantrea som sto nord om løa. Dette var eit stort arbeid der vi måtte ha hjelp av profesjonelle skogsarbeidarar. Fellingane har gjort tilkomsten lettare og har dessutan sikra oss mot at røtene på dei store granene skulle halda fram med å øydeleggja murane. I tillegg har vi fått drenert løa mot vest slik at fjøset i sør no er tørt. Løa er no stort sett rydda og det skal vera mogeleg å få utført dei sentrale oppgåvene knytt til restaurering av murane.

### **Søknad**

Vi søker om midlar til istandsetting av tak og veggjar etter at murane er blitt restaurerte. Vi legg ved kostnadsoverslag frå fylkesarkitekt Roald Landøy. Dette overslaget er 3 år gammalt, men det skildrar dei ulike arbeidsoppgåvene som inngår i restaureringa (sjå vedlegg). Vidare peiker det på dei utfordringa vi står framfor når lòa skal restaurerast i samsvar med tidlegare byggestil. I tillegg legg vi ved eit kostnadsoverslag frå Håkon Aase. Dette overslaget omhandlar primært murane og det arbeidet som må gjerast (er gjort) i høve til drenering (sjå vedlegg).

Kostnadsoverslag for eventuelt tildelte midlar frå Radøy kommune (sjå kostnadsoverslaget frå Roald Landøy). Kostnadsoverslaget syner dei prioriterte oppgåvene som må gjerast.

<b>Emne</b>	<b>Kostnad</b>
Material	Kr 50.000
Arbeid med nedtaking av konstruksjon	Kr 125.000
Montering av nye konstruksjonsdelar	Kr 75.000
Nye sperrekonstruksjonar	112.500
Totalt	362.500
Eigendel	217.500
<b>Søknadssum</b>	<b>145.000</b>

Med von om positiv handsaming av søknaden

Mona Steiner Brekkan